

Referat møte i språkpolitisk utval ved Universitetet i Bergen

Dato: 09. juni 2022, kl. 12–14

Stad: Christies gate 18

Til stades: Endre Brunstad, Rune Johan Krumsvik, Ingrid Marie Myklebust, Ingeborg Revheim (referent)

Forfall: Anna Svingen-Austestad, Jógvan Helge Gardar, Hans-Petter Isaksen, Ann-Kristin Gujord

Saksliste:

19/22 Godkjenning av referat og saksliste

Ingen merknader

Drøftingssaker

20/22 Norsk for internasjonalt tilsette, kva kan vere føremålstenlege konkrete verkemiddel.

Innleiing ved Sonja Dyrkorn, HR-direktør (deltok digitalt). Diskusjon.

Fleire måtar å jobbe vidare med dette på, mellom anna:

- Tilsettingsprosessar: stille krav, forventningar
- Medarbeidarsamtalar: oppfølging av språkopplæring som fast punkt
- Opplæring og kurs i norsk: leiar må leggje til rette og stille krav. Tilsette har krav om å få kurs i arbeidstida og deltaking på kurs må gå opp med undervisningsrekneskap
- Opplæring av instituttleiarar (og andre leiarar)
- Rapporteringssystem: til dømes etter modell frå ph.d.-løpet, at ein sjekkar av.
- Utfordring med krav om B2-nivå innan to år

Vidare arbeid:

Endre og Ingeborg lager utkast til innspel til HR-avdelinga og sender på epost til utvalet, før det går vidare til HR.

21/22 Seminar om språkpolitikk

Halvdagsseminar 2. september kl. 9-12

Arbeidstittel: Språkpolitikk og arbeidslivsrelevans i akademica

Tema:

- språkkrav til internasjonalt tilsette - inkludering og iverksetting
- fagspråkutvikling i praksis
- styrking av nynorsken

Målgruppa er alle språkinteresserte studentar og tilsette på UiB, NHH, HVL og resten av sektoren.

Vi inviterer statssekretær Oddmund Hoel.

Forslag: Helene J Bustad, postdoc UIB (fagspråkutvikling)

Ber utvalet om fleire forslag til aktuelle namn.

22/22 Innspel til UiBs strategi

Utvalet vil nytte høvet til å gje innspel til UiBs strategi. Diskusjonen fortsetter i neste møte.

Orienteringssaker

23/22 Referat frå møte i Nynorskfylket Vestland

Ingrid Marie orienterte frå møtet 25. mai. Sjå referat i Teams, mappe Nynorskfylket Vestland

24/22 Årsrapport og referat på uib.no

Sekretariatet skal oppdatere nettsida til Språkpolitisk utval med årsrapport 2020-21, møter og referat etter modell frå andre sentrale utval på UiB.

25/22 Eventuelt

Utvalet vil undersøke om vi kan få medlem frå MN-fakultetet.